Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Måtar å refsa folk på

Tilleggsspørsmålnr. Sel no 36

Emne: Måtar å refsa folk på

Oppskr. av: Jon Haukanes d.e.

(adresse): Folkedal

Fylke: Hordaland

Herad: Granvin

Bygdelag:

Gard: Haukanes

G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsla. er 85 år gamal fr. karar venne kloke å i bygdi

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I samarbeid med andre t.d. skurfolk i åkeren eller slåttekarar i eng eller utmark kunde dei gjera ymse prettor med ein som dei tykte tok verde med tol eller var doven under fellesarbeidet. I kornskuren tok dei kvar sin teig i åkren, skar randateigi som det heitte. Var det då nokon som ikkje fylgde med dei andre i å skjera korn, men kom etter hine, so holma dei han eller henne, so han eller kom til å stå att åleina med ein holme i åkern. Sidemannen skar ein teig tvertyver i hennar teig, so ho stod att med ein teig åleina. Dette var holmen, dei kalla. Dei byrja alltid å skjera kornåkren ovanfrå og nedover, etter som han hadla. Heldt dei ikkje fyl med dei andre med teigen sin, anten det var kvinne eller mann, og det var latskap som låg til grunn, vart ho holma.

Likeins var det med slåtten. Var ein slåttekar etter dei andre i arbeid, holma dei han til moro åt dei andre

9348

måtar å refsa folk på

# Å slå kjuarond.

Var det nokon, som slo forbi lina millom 2 grannar, so sette den sist som slo lina åt ei rond med gras, som tydeleg synte at den som fyrst slo, hadde slege forbi bytesLina. Folk lo åt dette, utan atha sa noko med grannen. Dei slo sjeldan kjuarond utan at naboen hadde gjort det fyrr. For framtidi passa han seg. Saki var dermed avgjort dei imillom.

Folk som gjekk ut på vitjingjoler da kalla dei jolagris.

Det var ein ungdom som ikkje tok av seg hatten og helsa jolaklokko som skikk var. Dei yngre brörne klagde han då dei kom heim, og han fekk då denne korte skjenn og formaning: „Stygt tao deg Lars, tosk ma kyrkjo!"



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING